Romjulscup med fleire uskedelingar

27.12.2010

Den tradisjonsrike romjulscupen til Trio starta i går i Husneshallen med 23 lag og 34 kampar og Uskedalen er også dette året godt representert.

I dag er det sluttspel for 16 herrelag og kampane startar klokka 16. Finalen er beramma til klokka 19.45.

I går vann Bocca Under frå Uskedalen gruppe A som har Lars Johan Myklebust og Yngve Myhre på laget.

Bossano Virtus frå Uskedalen (Torstein Monsen og Eirik Musland) gjekk til topps i gruppe F der Spar Uskedalen vart nummer 3.

Eit fjerde Uskedalslag er Kollektivet ved Kjetil Myklebust og Tommy Røssland. Dei vart nummer 2 i gruppe D.

På biletet over er det kamp mellom Bossano Virtus og Spar.

(Foto: Helge Sunde, Trio)